



HEILE BØMLO – STERKARE SAMAN

Bømlo arbeiderparti sitt program for kommu- nestyreperioden 2023-2027

Kjære veljar!

«Heile Bømlo – Sterkare saman» var tittelen på programmet vårt i perioden 2019-2023. Den teksten står seg like godt for perioden 2023-2027. For no må me stå saman om dei utfordrande oppgåvene som møter oss.

I perioden 2023-2027 meiner me fokuset må vera **tryggleik i fellesskap**. Me må samarbeida på tvers av bygdene våre for å utvikla oss vidare,-eit sterkt samhald gjer oss tryggare. Bømlingar stiller opp for kvarandre!

Bømlo Arbeiderparti sin politikk byggjer på verdiar som lokalt demokrati, tryggleik for einskildmennesket, likeverd og solidaritet. I det politiske arbeidet vil me vera solide, trygge og samarbeidsvillige, med fokus på kva som er bra for Bømlo sine innbyggjarar på lang sikt. Bømlo Arbeiderparti vil arbeida for ein berekraftig kommune, der du opplever at di meining vert høyrd og teken omsyn til.

Viss du er einig i mykje i dette programmet, håper eg du stemmer på oss den 11. september!

Ordførarkandidat

Thomas Kråkevik-Liaøy





Bømlo Arbeiderparti

Kommunen

Bømlo Arbeiderparti trur på sterke fellesskapsløysingar, fordi me får til meir saman enn kvar for oss. For å sikra gode velferdstenester må me ha eit tett og nært samarbeid mellom kommunal verksemd, næringsliv og organisasjonsarbeid. Politiske parti, idrettslag, kulturelle samanslutningar, velforeiningar og andre frivillige lag og organisasjonar er viktige arenaer både for folk sitt engasjement, og for at ulike stemmer skal bli høyrde. Me har ei positiv utvikling i kommunen når det gjeld innbyggjartal, spesielt fordi me dei siste åra har busett mange flyktningar. Me vil arbeida for ei enda betre integrering, mellom anna ved at nye bømlingar snarast mogeleg får bruka ressursane sine i arbeidslivet og lokalsamfunnet.

Innbyggjarane i Bømlo skal føla at dei hører til i lokalsamfunnet og kjenna nærleik til dei som bestemmer i kommunen. Bømlo Arbeiderparti ønskjer eit aktivt og levande lokaldemokrati som har reell makt over lokal utvikling. Me meiner at oppgåver bør løysast på eit folkevald nivå nærmest mogleg innbyggjarane, og me ønskjer at så mange som mogleg av innbyggjarane skal vera politisk aktive og engasjerte i saker og avgjerder. Difor ser me svært positivt på det store engasjementet i Bømlo ungdomsråd.

Me skal vera garantistar for ei ansvarleg økonomisk styring, slik at born, ungdom og eldre får eit godt tilbod og blir tekne godt vare på. I den neste valperioden møter me økonomiske utfordringar. Når me ikkje har nok pengar, må me prioritera det viktigaste. Me vil arbeida for å unngå lån til den daglege drifta, og byggja opp att eit fond i kommunen som aukar handlingsfridomen.

Kommunen er den største arbeidsgjevaren i Bømlo. Innsatsen til dei dyktige medarbeidarane i kommunen er med på å sikra at du som bur her, har det bra. Bømlo Arbeiderparti sitt mål er best mogeleg tenester for alle innbyggjarane. Kvaliteten på den offentlege velferda vert mellom anna påverka av arbeidsvilkåra til dei tilsette. Me vil arbeida for å organisera dei kommunale tenestene på ein måte som gjer kommunen endå meir attraktiv som arbeidsplass. Seniorane er ein ressurs, og det er viktig å leggja til rette, slik at dei ser verdien av å stå lenge i jobbane.

Utviklinga i kommunen vår skal vera **kunnskapsbasert**. Bømlo Arbeiderparti vil at velferdstenestene skal vera i endring, ta opp i seg nye behov og nye verkemiddel, vera fleksible og tilpassa behova til den einskilde. Me skal vera teknologioptimistiske, og dela erfaringane våre og nye måtar å organisera arbeidet på. Me vil bruka trepartssamarbeidet for å aktivt redusera sjukefråveret i kommunen.

Me skal vera **kunnskapsrike**. Då må me syta for å rekruttera kompetente tilsette til kommunen, i alle ledd. Me må ha respekt for den fagkompetansen dei tilsette har, og syta for at den blir teken i bruk når samfunnet og velferdstenestene skal utviklast i framtida. Bømlo Arbeiderparti vil at kommunen som arbeidsgjevar skal gå mot ei utvikling med meir mellombelse tilsetjingar og ei lausare tilknyting til arbeidslivet. Fleire faste heiltidsstillingar er avgjerande for å rekruttera tilsette, særleg til helsetenesta.

I utviklinga av kommunen vår skal me vere **kunnskapssøkjande**. Bømlo Arbeiderparti vil at innbyggjarane i lokalsamfunnet er med på å utvikle kommunen vår. Me vil skapa gode arenaer for medverknad og deltaking, slik at bømlingane får vera med å forma framtida til kommunen.



Bømlo Arbeiderparti vil:

- ta nødvendige grep for å få ein berekraftig økonomi som rustar oss for framtida
- byggja opp att fond som gir handlingsrom for god samfunnsutvikling
- arbeida for ein **heiltidskultur** innan alle tenesteområde
- bruka ungdomsrådet sitt engasjement og ta ungdommane med i avgjerdene
- sikra at ufaglærte i kommunen som ønskjer det, kan få ta fagbrev.
- at kommunen skal ta på seg samfunnsansvaret for flyktningar i tråd med nasjonale oppmodingar.
- arbeida for ei enno betre integrering mellom anna ved at nye bømlingar snarast mogleg får bruka ressursane sine i arbeidsliv og samfunn. Me vil arbeida for at det blir mogeleg for nye innbyggjarar å busetja seg i ulike delar av kommunen.
- arbeida både for fortetting i lokalsentra, og desentralisert busetnad i kommunen.



Bømlo Arbeiderparti

God omsorg

Me har alle eit ansvar for eiga helse, fellesskapet har ansvar for alle si helse. Nøkkelen til god helse er førebygging og tidleg innsats. Mykje av det førebyggjande arbeidet skjer utanfor helsesektoren. Alle skal få eit likeverdig tilbod av helsetenester, uavhengig av diagnose, alder, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og livssituasjon.

Bømlo Arbeiderparti vil auka den førebyggjande innsatsen. Rehabilitering etter sjukdom er viktig for å betre livskvaliteten for den einskilde. Det kan både bidra til at folk kjem raskare tilbake i arbeid, og at eldre kan bli meir sjølvhjelpe. Me vil sikra at dei som treng omsorg, skal oppleve at dei vert sikra god omsorg og god livskvalitet.

Eldreomsorg er ei kommunal kjerneoppgåve som ikkje skal konkurranseutsetjast og privatiserast. Me treng fleire tilsette i omsorgssektoren. For å få nok tilsette, må me gjera oss attraktive ved å tilby heile og faste stillingar slik at dei tilsette får ei løn å leve av, og er sikra god pensjon. Me vil arbeida for at tilsette får høve til å ta vidareutdanning og at ufaglærte får ta fagbrev.

Mange eldre ynskjer å bu i eigen heim lengst mogleg. Me vil arbeida for god tilrettelegging i heimen og at det vert bygd fleire omsorgsbustader og bufellesskap på Bømlo. Me må ta vare på sjukeheimspllassane. Velferdsteknologi vil også bidra til at fleire kan bu lengre i heimen sin.

God psykisk helse er viktig. Derfor vil me, saman med brukarrådet, utvikla Nyving for å nå fleire, og utvikla ein møteplass for alle, uavhengig av alder.

Fastlegeordninga er basisen i helsetenesta. For å sikra god fastlegedekning vil me leggja til rette for gode fagmiljø og slik sikra god rekruttering.

Bømlo Arbeiderparti vil:

- arbeida førebyggjande for å fremja god helse og rask rehabilitering
- arbeida for å betre tilboden innan fysioterapi og ergoterapi
- arbeida for å etablere omsorgsbustadar med nødvendig personale
- sikra nok personell i omsorgstenestene ved å få fleire i heile og faste stillingar
- arbeida for å sikre nok fastlegar
- arbeida for at det gode tilboden for personar med demens (Teiglandshagen og Bremnes sjukeheim) held fram.
- styrkja innsatsen innan psykisk helse og prioritere førebyggjande arbeid for barn og unge i Bømlo.
- utvikla Nyving saman med brukarrådet for å skapa ein møteplass for alle.
- leggja til rette for bu-miljø der fleire generasjonar kan bu saman.
- arbeida for at barnevernstenesta har god kvalitet og samarbeider med andre tenester om barn og unge som treng hjelp
- fremja og støtta rusfrie fritidsaktivitetar og arrangement, laga av og for ungdom.
- at måla i «Av-og-til»-programmet som kommunen er med i, vert følgjt opp
- at me har fokus på å samordna alle tiltaka me har for å få fleire inn i arbeidslivet



Trygt oppvekstmiljø

Barn og ungdom på Bømlo skal ha ein trygg og god oppvekst. Me vil sikra at det er gode barnehagar og skular, med nok tilsette. Våre barn og unge må få kunnskap og sosial kompetanse for å vera rusta for vidare utdanning, arbeid og i livet elles. Det skal vera like moglegheiter for alle, uavhengig av sosial bakgrunn.

Barnehagane og skulane våre skal ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet, med velhaldne bygg og trivelege, læringsfremjande miljø. Då treng me enda fleire gode lærarar. Det betyr å rekruttera fleire til læraryrket, og leggja til rette for fagleg påfyll og kompetanseheving gjennom etter- og vidareutdanning. Rektorane og lærarane må få tid og tillit til å vera leiarar og lærarar. Skulehelsetenesta må få nok ressursar til å løysa den aukande utfordringa relatert til barn og unge si psykiske helse.

Barnehage og skule er viktige for å skapa eit godt oppvekstmiljø i kommunen vår. Det skal vera null toleranse for mobbing. For å få det til må me arbeida både med førebygging og med avdekking av mobbing blant barn og unge. Dette arbeidet skal ha høg prioritet og me vil sikra at dei vaksne har god kompetanse og naudsynte verkemiddel. I tillegg er det viktig med både organiserte fritidsaktivitetar og gode møteplassar for born og ungdom. Kommunen må støtta opp under det viktige arbeidet frivillige lag og organisasjonar gjer, og stimulera til utvikling av nye tilbod der det trengst, gjerne i samarbeid med ungdomsrådet.

Bømlo Arbeiderparti vil:

- stå fast på tidlegare vedtak om nybygg til Våge skule
- at alle elevar skal oppleva meistring og få utfordringar tilpassa sitt nivå
- at det skal vera nok bemanning og rett kompetanse til å handtera dei utfordringane som er i barnehage og skule
- at det vert satsa vidare på kompetanseutvikling for pedagogar og fagarbeidarar.
- arbeida for å få etablert ein communal barnehage på Bømlo for å få ned driftskostnadane
- sikra at alle skular har gode og funksjonelle lokale gjennom godt vedlikehald
- arbeida for ei god utvikling av det vidaregåande opplæringstilbodet på Bømlo i takt med behovet i arbeidslivet vårt
- arbeida for at skulehelsetenesta har ressursar til å løysa den aukande utfordringa relatert til psykisk helse til barn og unge
- sikra at det framleis er full barnehagedekning i kommunen, med god kvalitet i tilbodet
- sikre at det er god overgang frå barnehage til skule
- styrka samarbeidet med Bømlo vidaregåande skule og arbeidslivet for å sikra at bedriftene i kommunen får den kompetansen dei treng
- vera ein pådrivar for at det vert oppretta nok lærlingplassar, slik at ungdommane får fullført fagutdanninga si
- at alle kommunalt styrte verksemder stiller krav om lærlingar når dei utformar anbodsdocument
- arbeida for at alle barnehagar tar i mot lærlingar



Bømlo Arbeiderparti

Kultur og frivillig arbeid

Bømlo har eit rikt kultur- og organisasjonsliv. Gjennom frivillig arbeid skapar me møteplassar for innbyggjarane våre, me utviklar fellesskap og lærer av kvarandre. Det breie engasjementet i idrettslag, i kyrkjer og i bedehus, i grendelag og i ulike organisasjonar, skapar trivsel og medverkar til integrering og utjamning av sosial ulikskap. Mange legg ned eit utal av timer på dugnad i lag og organisasjonar. Kommunen må vera med å støtta dette fantastiske arbeidet slik at mange kan delta i eit godt og variert fritids- og kulturtilbod til ein fornuftig kostnad. Det anerkjente kulturlivet vårt og det varierte organisasjonslivet gjer at Bømlo er ein attraktiv kommune å busetja seg i, og å besøkja.

Bømlo Arbeiderparti vil:

- vera ein aktiv medspelar for idretten og det frivillige arbeidet
- leggja til rette for nyetableringar av aktivitetstilbod rundt i kommunen slik at særleg barn og unge har tilbod i sine nærområde
- bidra til at Moster Amfi får utvikla seg vidare og vera ein viktig arena både lokalt, regionalt og nasjonalt
- bidra til at Kulturhuset får utvikla seg vidare og vera viktig arena for kulturlivet på Bømlo
- arbeida for å få etablert permanent utstilling av materiale frå andre verdskrig på Bømlo
- leggja til rette for eit all brukshus for lag og organisasjonar med møteplassar for ulike aldersgrupper
- arbeida for at me får ein aktivitetspark i sentrum med t.d. leikeplass og skatepark
- bidra til å byggje fleire gode universelt utforma turløyper i samarbeid med lag og organisasjonar
- auka aktivitetsmidlane som kommunen fordeler og vurdera om det også kan gjevast støtte til drift



Bømlo Arbeiderparti

Arbeidsliv, næringsutvikling og samferdsle

Bømlo har eit rikt, framovervendt, og innovativt næringsliv som er oppteke av å skapa arbeidsplassar. Bømlo Arbeiderparti vil arbeida for me framleis skal ha eit sterkt og variert arbeidsliv spreidd over heile kommunen gjennom å føre ein tydeleg politikk der kommunen er ein god medspelar for næringslivet. Arbeidslivet på Bømlo må vera berekraftig, og målet er å vidareutvikla ein brei og robust næringsstruktur i kommunen slik at unge menneske vil bu og arbeida på Bømlo. Slik kan me få auka tilflytting til kommunen vår. Infrastruktuen og samferdsla må tilpassast både næringslivet og innbyggjarane.

 Bømlo Arbeiderparti vil:

- leggja til rette for jamlege dialogmøte med arbeidsgjevarar og tillitsvalde
- ha ein god dialog med Bømlo Næringsråd for å få innspel til næringsarbeidet og utvikla samarbeidet skule-arbeidsliv
- følgja opp pågåande næringsutviklingsprosjekt i fiskerihamna i Langevåg , i Serklau og på Rubbestadneset, og andre nye prosjekt
- leggja til rette for at bedrifter i etableringsfasen skal få hjelp til å utvikle seg
- arbeida for å leggja til rette for eit “gründerloft” der fleire bedrifter kan sitja saman og brukta felles fasilitetar
- arbeida for at kommunen som arbeidsgjevar tilbyr unge under utdanning fleire relevante sommarjobbar
- støtte initiativ som fremtar utvikling av gründer- og entrepenørskapskompetanse hos born og unge
- sikra tilstrekkeleg med regulert areal, straum og vatn til næringsområda våre
- arbeida for finansiering frå fylket til vegstrekningar som ikkje vert realisert som del av Bømlopakke II
- opparbeida fond som gir høve til å forskottera vegprosjekt som krev fylkeskommynal finansiering
- ha fokus på trafikksikring og spesielt sikre skulevegen for borna våre
- målbera behov for meir kollektivtransport og hyppigare avgangar mellom delsenter, kommunesenter og regionsenter – både buss og båt – i tett dialog med ungdommane våre
- arbeida for at Langevåg-ferja kan fungera som omkjøringsveg når tunellen/brua er stengd



Bømlo Arbeiderparti

Klima, miljø- og beredskap

Bømlo Arbeiderparti vil at Bømlo kommune skal vera ein pådrivar for å utvikla vidare vår vakre grøne øy i eit klima-, miljø- og trivselsperspektiv.

Bømlo har ein variert natur med store kvalitetar, og gode tilhøve for friluftsliv av mange slag. Framover vil me leggja betre til rette for at dei som har rørslehemming og andre utfordringar lettare skal kunna koma seg ut i naturen og nyta friluftsliv.

Allemannsretten er under press og me må bruka strandsona slik at stranda framleis er tilgjengeleg, også i praksis.

Klimaendringa er vår tids store utfordring, både for oss som lever no, og i enda større grad for dei som kjem etter oss. Dei største satsingane på klimatiltak skjer nasjonalt og internasjonalt, men me bør samstundes ha fokus på kva me kan gjera lokalt. Næringslivet på Bømlo er leiande når det gjeld grøn næringsutvikling og Bømlo bør vera ein leiande kommune når det gjeld klimavennlege tiltak.

Bømlo Arbeiderparti vil:

- vera pådrivar for at Bømlo vert pilot på framtidige transportløysingar arbeida for at Bømlo har ein god beredskap og arbeida for å få til at eit legehelikopter har base i Sunnhordland
- at kommunen kan vera med å stimulera til auka bruk av solcellepanel både på offentlege bygg, næringsbygg og bustadhus. Og stimulera til årlege klima-messer der leverandørar kan koma og visa sine løysingar, til både privatfolk og næringsliv
- at kommunen nyttar fornybare energiløysingar ved nybygg og renovering av kommunale bygningar
- at kommunen skal vera pådrivar for at hurtigladestasjonar vert etablert i heile kommunen
- byggja ein universelt utforma gangveg rundt Storavatnet
- setje i verk tiltak for å reinsa Storavatnet slik at det kan nyttast til fritidsføremål og fiske
- ta initiativ til havrydding for å hindra forureining frå mellom andre gamle fiskereiskapar
- sikra god tilgang til sjø for alle som bur på Bømlo. Det skal vera reelt høve for bømlingar til å skaffa seg båtplass, gjerne i fellesanlegg
- samarbeida med padleklubben og andre frivillige om å leggja ut fleire kajakkbryggjer i kommunen